

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 10.04.2008 **Tid:** 08.00-13.05

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 5 , inkl. 1 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
Marion Langhele Pedersen

**I staden møtte:**  
Jon Magne Bogevik

**Andre som var tilstade på møtet:** Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge. Leiar av teknisk eining Ivar Erstad under skriv og meldingar og handsaminga av sak: 20 og 21/08.

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 11. april 2008

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent med at sakene 22/08 og 25/08 vert handsama til slutt.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Brigt Olav Gåsdaal stilte spørsmål om korleis kommunen tenkjer å løysa akuttberedskapen etter at me no ikkje har stasjonert ambulanse lokalt. Kva er vilkåra for "first responder".

Gåsdaal ønska at det vert teke kontakt med Helse Bergen for å starta forhandlingar om "first responder".

Ordføraen orienterte om at dette vert arbeidd med i samband med gjennomgang av legekantoret, eit arbeid som no vert starta. Leiar av sosial og helseeininga følgjer opp dette.

Jon Magne Bogevik stilte spørsmål om utnyttinga av den kommunale kaien i Rolvsvåg. Han meiner fleire næringsdrivande har behov for å bruka kaien og at den må vera tilgjengeleg for fleire i framtida. Han stilte spørsmål om kommunen er medlem i Bergen hamnevesen? Erstad orienterte om at det vert arbeidd for at det vert etablert eit selskap som organiserer utleige av kaien til næringsdrivande.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Vedtekter kommunalt næringsfond – drøfting. Vedtektene kjem opp som sak i junimøtet.

Totrævegen – kommunalt engasjement – framdrift. Dette kjem opp som sak i junimøtet

Tunnel bak ytre Tysse – Ordførar gav statusmelding om forskottering og framdrift.

Notat vedk. lokale til Teknisk eining frå leiar Erstad, datert 09.04.08. - Leiar treng signal på om kommunen skal leiga eller kjøpa bygget på Frøland. Kommunen skal ha møte med BKK den 16 april. PØ gjev leiar av teknisk eining mandat til å forhandla med BKK. Saka kjem i junimøtet.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0017/08	08/00159 <b>GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN 2007 DISPONERING AV OVERSKOTET</b>
0018/08	08/00098 <b>ÅRSMELDING 2007.</b>
0019/08	08/00134 <b>GEOVEKSTPROSJEKT I HORDALAND 2008</b>
0020/08	08/00127 <b>STILLINGSAUKE - TEKNISK EINING - ARBEID MED NÆRINGSUTVIKLING</b>
0021/08	08/00112 <b>ETABLERING AV NÆRINGSSELSKAP</b>
0022/08	08/00150 <b>TILSKOT TIL IDRETT OG FYSISK AKTIVITET.</b>
0023/08	07/00461 <b>EVT. FRITAK FOR TILKOPLINGSAVGIFT FOR GNR.26, BNR.107</b>
0024/08	08/00161 <b>BYGDEUTVIKLING - TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL INTERNT ARRANGEMENT</b>
0025/10	08/00146 <b>MILJØFYRTÅRN SAMARBEID MED OS OG FUSA</b>
0026/08	07/00404 <b>TØMEAVGIFT FOR SLAM - ENDRING AV AVGIFT FOR 2008</b>
0027/08	07/00411 <b>EIGEDOMSFORVALTNING PLANFORSLAG</b>

0028/08

05/00434

**FREDSKORPSSAMARBEIDET 3. PARTNARAVTALE MED  
SIGOWET**

0029/08

06/00104

**2. UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER. -HØYSETER  
OG INNERST I TRENGEREIDFJORDEN**

0017/08

**GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN 2007  
DISPONERING AV OVERSKOTET**

**Framlegg til vedtak::**

**Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: Pkt 1. ” Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2007 og revisjonsmelding slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen er sett til kr. 5.804.570,-.

Ulike tidlegare disponeringar ved vedtak knytt til forventa overskot:

Budsjett 2008 - KS-sak: 72/07 kr. 1.000.000

Gjennomgang komm.org - KS-6/08 kr. 200.000

Bemanningsit. PLO - PØ-sak 16/08 kr. 160.000

Disponibelt overskot pr. 10.04.08 på kr. 4.444.570

vert sett på disposisjonsfondet.

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: Pkt 2. ”Maling Gjerde skule kr. 500.000 vert teke frå overskotet.”

Jon Magne Bogevik sette fram følgjande framlegg:

”Disponering av overskotet 2007

- Skulemat./data/bøker a 70.000	kr. 210.000
- kommuneorg. gjennomgang	kr. 50.000
- auke budsjett Samnangerheimen	kr. 100.000
- styrking næringsfond	kr. 1.000.000
- <u>budsjett 2008 saldering</u> kr.	<u>Kr.1.000.000</u>
- Sum	kr. 2.360.000
Overskot	<u>kr. 5.804.570</u>
Overførast Disposisjonsfond	kr. 3.444.570”

Det vart først røysta over Bogevik sitt framlegg som fekk 1 røyst og vart ikkje vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegget om pkt 2. maling av Gjerde skule, som vart vedteke med 4 røyster mot 1.

Til slutt vart det røysta over Aase sitt framlegg pkt 1. Framlegget vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

**Vedtak:**

Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2007 og revisjonsmelding slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen er sett til kr. 5.804.570,-.

Ulike tidlegare disponeringar ved vedtak knytt til forventa overskot:

Budsjett 2008 - KS-sak: 72/07	kr. 1.000.000
Gjennomgang komm.org - KS-6/08	kr. 200.000
Bemanningsit. PLO - PØ-sak 16/08	<u>kr. 160.000</u>
Disponibelt overskot	kr. 4.444.570
Maling Gjerde skule	<u>kr. 500.000</u>
Disponibelt overskot pr. 10.04.08 på	kr. 3.944. 570 vert sett på disposisjonsfondet.

0018/08

### **ÅRSMELDING 2007.**

#### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune tek Årsmelding 2007 til orientering.”

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune tek Årsmelding 2007 til orientering.

0019/08

### **GEOVEKSTPROSJEKT I HORDALAND 2008**

#### **Framlegg til vedtak::**

For å imøtekoma Samnanger kommune sine pliktar som deltakar i Geovekst samarbeidet i Hordaland, og for å få gjennomført planlagde prosjekt for 2008 og 2009 vert teknisk eining sitt budsjett for 2008 tilført ei ekstra løyving på kr. 117 000,-. Midlane vert teke frå overskotet for 2007.

For å fullføra prosjektet blir vidare finansiering på kr. 121 000,- å innarbeida i budsjettet for 2009.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

#### **Vedtak:**

For å imøtekoma Samnanger kommune sine pliktar som deltakar i Geovekst samarbeidet i Hordaland, og for å få gjennomført planlagde prosjekt for 2008 og 2009 vert teknisk eining sitt budsjett for 2008 tilført ei ekstra løyving på kr. 117 000,-. Midlane vert teke frå overskotet for 2007.

For å fullføra prosjektet blir vidare finansiering på kr. 121 000,- å innarbeida i budsjettet for 2009.

0020/08

## **STILLINGSAUKE - TEKNISK EINING - ARBEID MED NÆRINGSUTVIKLING**

### **Framlegg til vedtak:**

Teknisk eining får tilført 20 % stilling til arbeid med næringsutvikling. Stillinga vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Til finansiering av bemanningsauken får eininga auka ramma si med kr 45.000 i 2008.

### **Handsaming i møte:**

Framlegget vart vedteke med 3 mot 2 røystar.

### **Vedtak:**

Teknisk eining får tilført 20 % stilling til arbeid med næringsutvikling. Stillinga vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Til finansiering av bemanningsauken får eininga auka ramma si med kr 45.000 i 2008.

0021/08

## **ETABLERING AV NÆRINGSSKAP**

### **Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune går inn som aksjonær i nytt næringssselskap ProSam a.s saman med Safa fabrikk a.s. og Samnanger Næringsforum. Aksjekapitalen – kr 35.000 -, og inntil kr 10.000 i etableringskostnaden vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Samnanger kommune godkjenner statuttane for selskapet og framlegg til selskapsavtale. Samnanger kommune sitt medlem i styret vert leiar av teknisk eining Ivar Erstad med administrasjonssjef Tone Ramsli som varamedlem.

Samnanger kompetansesenter for småkraftverk vert organisert inn i ProSam a.s.

### **Handsaming i møte:**

Brigt Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg til vedtak i tillegg til tilrådinga:”

Prosan a/s - Endring av vedtekter/stiftingsdokument:

1. § 5, andre avsnitt: 1.setning skal vera: Styret konstituerar seg sjølv med unntak av styreleiar som skal veljast av generalforsamlinga.
2. § 5, siste setning: utvidast til Dagleg leiar..... som gjeld den daglege drifta innanfor dei rammer som styret har fastlagt m.a i budsjett.”

Det vart røysta over tilrådinga og framlegget til Gåsdal, som vart samrøystes vedteke.

PØ slutta seg til at saka vert lagt fram for kommunestyret i neste møte.

**Vedtak:**

Samnanger kommune går inn som aksjonær i nytt næringselskap ProSam a.s saman med Safa fabrikk a.s. og Samnanger Næringsforum. Aksjekapitalen – kr 35.000 -, og inntil kr 10.000 i etableringskostnaden vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Samnanger kommune godkjenner statuttane for selskapet og framlegg til selskapsavtale med følgjande endring av vedtekter/stiftingsdokument:

1. § 5, andre avsnitt: 1.setning skal vera: Styret konstituerar seg sjølv med unntak av styreleiar som skal veljast av generalforsamlinga.
2. § 5, siste setning: utvidast til Dagleg leiar..... som gjeld den daglege drifta innanfor dei rammer som styret har fastlagt m.a i budsjett.

Samnanger kommune sitt medlem i styret vert leiar av teknisk eining Ivar Erstad med administrasjonssjef Tone Ramsli som varamedlem.

Samnanger kompetansesenter for småkraftverk vert organisert inn i ProSam a.s.

0022/08

**TILSKOT TIL IDRETT OG FYSISK AKTIVITET.****Framlegg til vedtak:**

Udisponerte spelemidlar vert avsett på eit eige disposisjonsfond kalla Fond til fysisk aktivisering av barn og unge.

Administrasjonen utarbeider retningslinjer for fondet der det også vert teke omsyn til framtidig vedlikehald av ballbingane

**Handsaming i møte:**

Utsett til ekstramøte den 24 april.

**Vedtak:**

Utsett til 24 april. d.å.

0023/08

**EVT. FRITAK FOR TILKOPLINGSAVGIFT FOR GNR.26, BNR.107****Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding

**Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ” Det vert gjeve fritak for tilkoplingsavgift for gnr. 26/ bnr 107. ”

Det vart røysta over framlegget til Aase som vart samrøystes vedteke.



**Vedtak:**

Samnanger kommune gjev fritak for tilkoplingsavgift for gnr. 26/bnr 107.

0024/08

**BYGDEUTVIKLING - TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL INTERNT ARRANGEMENT**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert løyvd kr 15.000 frå næringsfondet til internt arrangement med fokus på bygdeutvikling. Summen vert utgiftsført på konto nr. 1.1400.3251.1500.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune løyver kr 15.000 frå næringsfondet til internt arrangement med fokus på bygdeutvikling. Summen vert utgiftsført på konto nr. 1.1400.3251.1500.

0025/10

**MILJØFYRTÅRN  
SAMARBEID MED OS OG FUSA**

**Framlegg til vedtak::**

1. Samnanger kommune tar initiativ til eit samarbeid med Os og Fusa kommunar for å få etablert sertifiseringsordninga Miljøfyrtårn. Det vert kjøpt inn ein regionlisens til kr. 720 saman med desse kommunane.
2. Samnanger kommune startar opp arbeidet med Miljøfyrtårnsertifisering av barnehagar, skular og relevante kommunale einingar i kommunen.
3. Samnanger kommune tilbyr Miljøfyrtårnsertifisering til relevante private bedrifter i kommunen
4. Ordninga organiserast/driftast i kommunen ved Teknisk eining
5. Ordninga innførast i gebyrregulativet. Bedriftene betaler ved 1.gangs sertifisering etter nærare fastsett sats. Gebyret dekkjer innleigd sertifisør og diplom samt del av kommunelisens og kommunalt arbeid.

**Handsaming i møte:**

Utsett til ekstramøte 24 april.

**Vedtak:**

Utsett til 24 april d.å.

0026/08

**TØMEAVGIFT FOR SLAM - ENDRING AV AVGIFT FOR 2008****Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:"

Abonntar tilkopla kommunalt anlegg kr. 1.087,-.

Tømming av private septiktankar

Tankar 0-4 m3 kr. 1.840,-.

Tankar 4-10 m3 kr. 3.114,-.

Tankar 10 m3 . pr m3 kr. 483,-.

I tillegg skal det betalast eit fakturagebyr på kr. 50,-.

Alle prisane er inkl. Mva."

Brigt Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg: "Satsane vert som fastsett i budsjett for 2008."

Det vart røysta alternativt over framlegget frå Aase og Gåsdal.

Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune sine satsar for tømmeavgift for slam vert som fastsett i budsjett for 2008.

0027/08

**EIGEDOMSFORVALTNING  
PLANFORSLAG****Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:"

Følgjande eigedomar vert lagt ut for sal i ei felles annonse:

1. Bustadfeltet i Rolvsvåg – gjenstående tomter

2. Rolvsvåg 2/21 og 22/22 som vist på kartet og avsett til bustadføremål i arealplanen med krav om reguleringsplan.

3. Følgjande eigedomar vert lagde ut for sal i eiga annonse med formål å finna interessentar som er ute etter slikt område:

- Tenane, Hisdal. Det vert gjort eit mindre planarbeid på førehand , slik det er omtala i saka."

Det vart først prøverøysta punktvis over framlegget;

Punkt 1. - 4 røyster for ei røysta i mot.

Punkt 2. - 4 røyster i mot og 1 røyst for. Aase trekte punkt 2. i framlegget sitt.

Punkt 3. - 4 røyster for og ei imot.

Det vart røysta endeleg over punkt 1 og 3 i framlegget;

Punkt 1 : - vedteke med fire mot ei røyst

Punkt 3 : - samrøystes vedteke

Administrasjonen lagar plan for marknadsføring

PØ gjennomfører synfaring over fleire kommunale eigedomar i løpet av våren.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune legg ut følgjande eigedomar for sal i ei felles annonse:

1. Bustadfeltet i Rolvsvåg – gjenstående tomter
2. Følgjande eigedomar vert lagde ut for sal i eiga annonse med formål å finna interessentar som er ute etter slikt område:
  - Tenane, Hisdal. Det vert gjort eit mindre planarbeid på førehand , slik det er omtala i saka.

Administrasjonen lagar plan for marknadsføring.

PØ gjennomfører synfaring over fleire kommunale eigedomar i løpet av våren.

0028/08

### **FREDSKORPSSAMARBEIDET**

#### **3. PARTNARAVTALE MED SIGOWET**

##### **Framlegg til vedtak::**

Fredskorpsprosjektet Vennskap Samnanger – Sigowet vert vidareført. Samnanger kommune ønskjer møte med sørpartnar i Sigowet i 2008. Samnanger kommune, som hovudpartnar, må ha samtaler med komiteen i sør om følgjande punkt før inngåing av evt 3.partneravtale:

1. Kva har partane lært av prosjektet?
2. Mål /endringar i innhald for vidare prosjekt.
3. Krav om demokratisk utvelgingsprosess av lærarar i Sigowet.
4. Krav om eigen prosjektkonto i sør og økonomiansvarleg utanfor komiteen.
5. Ethiske utfordringar.
6. Spreiing av kunnskap / erfaringsdeling.

Politisk og administrativt nivå bør vera representert ved inngåing av ny partnarkontrakt. Nord- og sørpartnar må verta einige om innhaldet i avtalen, hensikten med utvekslinga,og evt endringar i høve førre avtale.Det skal søkjast Fredskorpset om midlar til utveksling i 2009-10.

##### **Handsaming i møte:**

Brigt Olav Gåsdal vert PØ sin representant.

##### **Vedtak:**

Fredskorpsprosjektet Vennskap Samnanger – Sigowet vert vidareført. Samnanger kommune ønskjer møte med sørpartnar i Sigowet i 2008. Samnanger kommune, som hovudpartnar, må ha samtaler med komiteen i sør om følgjande punkt før inngåing av evt 3.partneravtale:

- 1 Kva har partane lært av prosjektet?
- 2 Mål /endringar i innhald for vidare prosjekt.

- 3 Krav om demokratisk utvelgingsprosess av lærarar i Sigowet.
- 4 Krav om eigen prosjektkonto i sør og økonomiansvarleg utanfor komiteen.
- 5 Etske utfordringar.
- 6 Spreiing av kunnskap / erfaringsdeling.

Politisk og administrativt nivå bør vera representert ved inngåing av ny partnarkontrakt. Nord- og sørpartnar må verta einige om innhaldet i avtalen, hensikten med utvekslinga, og evt endringar i høve førre avtale. Det skal søkjast Fredskorpset om midlar til utveksling i 2009-10. Brigte Olav Gåsdal vert PØ sin representant.

0029/08

## **2. UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER. -HØYSETER OG INNERST I TRENGEREIDFJORDEN**

### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

Utsett til ekstramøte den 24 april.

#### **Vedtak:**

Utsett til 24 april d.å.